

Arkivnr: 2018/7568-31

Saksbehandlar: Eirik Knive

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.11.2018

**Fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking 2018 - ekstrautlysning****Samandrag**

Føremål med ordninga:

Formålet med tilskotsordninga for skilting og merking er å bidra til auka og trygg friluftsfærdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking, jmf. Regional kulturplan 2015-25.

Det kan søkjast frå frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidar, grendelag, velforeiningar, turlag, Interkommunale friluftsråd osv) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret. Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søke saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd.

Prosjektmidlane skal gå til merking og skilting av turruter. Søknadar knytt til rundløyper der dette er mogeleg for å auke bruksverdien vert prioritert. Det er krav om eigne ressursar (dugnad og/eller eigne midlar) og kompetanse i nasjonal skilt- og merkestandard. Fylkesrådmannen viser til retningslinjene til Turskiltprosjektet og rår til at ein prioriterer dei søknadane som omhandlar informasjon, skilting og merking i nærleiken av der folk bur og oppheld seg.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett ekstrautlysning 2018:	550 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	15. september
Vedtaks kriteria:	KIRU 1.1.2015
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking</a>

<b>Fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking - ekstrautlysning høsten 2018</b>	
Tal på søknadar:	9
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	9
Samla søknadssum:	707 093 kroner
Tilrådd til fordeling:	550 000 kroner

**Økonomi:** Midlar frå tilskotsordninga «fylkeskommunalt tilskot til skilting og merking, budsjett 2018.

**Klima:** Tiltaka kan ha ein effekt på klima gjennom å bidra til å redusere transportbehovet med motorisert ferdsel ved auka tilrettelegging for gåande og syklende i nærområdet.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale

helseforskjellar. Friluftsliv er blant dei nærmiljøtiltak befolkninga nyttar mest og ønskjer å nytte meir. Tiltaket tilrettelegg for auka bruk av ulike typar friluftsområde til fysisk aktivitet og som sosial møteplass.

**Regional planstrategi:** Tiltskotsordninga bidrar til mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Skilting og merking av turløyper bidreg til å leggje tilrette for aktivitetar i nærmiljøet som styrkar sosiale relasjonar gjennom helsefremjande opplevingar.

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 550.000 over budsjettpost 400.450.20 til skilting og merking av turløyper slik:

	<b>Namn på søkjar</b>	<b>Kommune</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Tilråding</b>
1	Fonnes Bygdelag	Austrheim	Infoskilt – kulturminner området Årvika/Vardetangen	49 000
2	Bømlo Turlag	Bømlo	Baståsløypa	48 000
3	Bømlo Tur- og Sogelag	Bømlo	Tursti Eide, Roaldsfjorden, Sætre	50 000
4	Fitjar kommune	Fitjar	Turløype Mohagen	14 000
5	Granvin Turlag	Granvin	Fjellmerking i Granvin	77 000
6	Rosendal Turnlag	Kvinnherad	Turskilt Rosendal 2018	160 000
7	Bergen og Hordaland Turlag	Ullensvang	Skilting av turstiar Husadalen - Stavali	37 000
8	Mjølfjell vel	Ulvik/ Voss	Mjølfjell sør, del 2	90 000
9	Vaksdal kommune	Vaksdal	Kulturminnesti Vaksdal	25 000
	<b>Totalt</b>			<b>550 000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.10.2018**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.